

Festival utan proppar

Sjølv om festival-komiteen ute-lukkande består av organistar, byr Dalane kirke-musikkfestival på meir enn orgel-musikk. Men øyreproppar vil det ikkje bli behov for.

KETH ODLAND

keth@dalane-tidende.no 4000 8535

Det måtte engelskmenn til for å skaffa Dalane ein kyrkjemusikkfestival. Så vel kantoren i Bjerkreim som kollegaen i Egersund er opphavleg frå det britiske øyriket. Det var Tim Rishton, bjerkreimbu og ørsdøl, som fekk ideen. Kollega Gethin Davies-Jones var ikkje vanskeleg å få med på laget. Dei to idemakarane snakka tydelegvis same språket. I lag med Solvor Kvåle Konstali, som er kantor i Lund, begynte dei å planleggja festivalprogrammet. Etter kvart meldte også Martin Spindler i Sokndal seg til teneste.

Musikken og kyrkjene

Utgangspunktet for festivalen er dei lange musikktradisjonane og dei flotte kyrkjene i Dalane, og befolkninga sitt nære forhold til begge delar.

- Nokon vil kanskje tenkja at kyrkjemusikk er utilgjengeleg og høgtravande. Det er det stikk motsette som er tilfellet. Kyrkjemusikken har dype røter i folkesjela. Kvifor spelar kjøpesentra «Mitt hjerte alltid vanker» over høggtalaranlegget før jul? Jau, fordi dei veit at med den typen musikk når dei inn til folk, langt inn. Slik musikk er ein del av fellesarven. Det same gjeld kyrkjebygga. Gjennom generasjonar har folk vendt seg til kyrkjene i forbindelse med viktige hendingar i livet, seier Tim Rishton.

Ungane først

Første post på programmet for den første utgåva av Dalane kirke-musikkfestival er familiegudste-

påfører folk. Gjennom festivalen vil me kommunisera til dalbuar i alle aldrar på fellesspråket vårt, og forhåpentlegvis engasjera dei, poengterer han.

Roleg nok for Skårland

Han legg til at ingen skal måtta utstyra seg med høyerselsvern for å delta i festivalkommunikasjonen.

- Under Dalane kulturfestival for to år sidan stilte bjerkreimordføraren sporty opp på tungrockkonsert med øyreproppar. Denne gongen kan Marthon Skårland la proppane liggja igjen heim, forsikrar Rishton.

Det siste skotet på festivalstamma i Dalane skal famna vidt. I fokus står musikk og kunst som har

tilknyting til den kyrjelege kulturarven i distriktet. Festivalprogrammet omfattar så vel konserter og gudstenester som teater, workshops og utstillingar.

Mobile kantorar

Dei fire kantorene vil sjølv vera aktive bidragsytarar under festivalen. Og dei kjem ikkje bare til å spela på dét instrumentet og i dén kyrkja som dei er vande med frå den vanlege jobben sin.

- Ved å ikkje bare spela på heimebane, utfordrar me oss sjølv og bidreg til å spreia musikken vår rundt i distriktet, seier bjerkreimkantoren.

Sjølv skal han akkompagnera saksofonist og sambygding Gunnar Hågbo i Lund kirke fredag i festivalveka og panfløytisten Roar Engelberg i Egersund kirke dagen etter. Frå Lund tek Solvor Kvåle Konstali med seg songaren Margun Risa og pianist

«Kyrkjemusikken har djupe røter i folkesjela. Kvifor spelar kjøpesentra «Mitt hjerte alltid vanker» over høggtalaranlegget før jul?»

Tim Rishton, kantor og festivalarrangør

i fastetida» saman med sopran Bodil Arnesen og tekstlesarar.

Aasen og Lindø

På programmet står elles Ivar Aasen-teater på Pittergarden på Vikeså - fordi språk og musikk er to sider av same sak, nemleg kommunikasjon - kulturveld med kyrkjerådsleiar Svein Arne Lindø og Dalane Tidende-redaktør Gunnar Kvassheim og kurs for alle velvillige amatørar som av og til akkompagnerer på piano og orgel, på bedehuset eller som vikarorganist i kyrkja.

Siste festivaldag er sundag 10. mars.

- Då blir det avslutningsgudsteneste i Egersund kirke og konsert med songar Øystein Stensheim og pianist Mathias Røed om kvelden. Med andre ord så avsluttar me på føremiddagen og fortset om kvelden, ler Tim Rishton.



KAN KYRKJEMUSIKK: Kantorane Martin Spindler (bak), Gethin Davies-Jones og Tim Rishton (t.h.) gler seg til å feira ein type musikk som dei meiner har rot i folkesjela. Saman med kollegaen sin i Lund, Solvor Kvåle Konstali, arrangerer dei Dalane kirkemusikkfestival frå 3. til 10. mars.

FOTO: KETH ODLAND



Budsjett på over 100.000

For å kunna søkja om offentleg støtte til festivalen måtte Tim Rishton ha eit budsjett å visa til. Derfor skreiv han i fjor haust kontrakt med ei rekke

artistar - utan å vita at han hadde noko å betala dei med.

- Eg var litt nervøs før møtet i regional- og kulturutvalet i fylket på torsdag,

vedgår han.

Men utvalet gjorde som fylkesrådmannen hadde anbefalt, og løvde 20.000 kroner i festivalstøtte til nykomlingen i Dalane.

- Søknaden til Norsk kulturråd får me svar på omrent samtidig med at festivalen startar neste månad, opplyser Rishton. Han reknar med circa 23.000 kroner frå kul-

turrådet.

Alle kommunane bidreg òg, på ulike måtar. Blant anna er noko av kantoren si arbeidstid rekna med i budsjettet.

Planen er at Dalane kirke-

musikkfestival skal arrangerast annakvar år, dei åra det ikkje er kulturfestival.

Dalane kirkemusikkfestival

Bjerkreim - Egersund - Sokndal - Lund

Program

Mars 2013

Søn 3. Åpningsgudstjeneste i Bjerkreim; barnekoret SEVEN deltar (kl. 1100)

Konsert i Ivesdal kapell (kl. 1930) Konsert med Margun Risa (sang), Mona Gustavsen Hassan (piano), og Solvor Kvåle Konstali (orgel).

Man 4. Musikk og ord - i Sokndal kyrkje: Bibelske salmer til fastetiden, med Bodil Arnesen (sopran), Martin Spindler (orgel/piano), tekstlesere.

Tir 5. Ivar Aasen-teater, Vikeså

Ons 6. Konsert i Bjerkreim kyrkje (kl. 1930) med Zeljko Djerdj (violin) akk. av Gethin Davies-Jones

Tors 7. Kulturkveld med leder i kirkerådet Svein Arne Lindø og redaktøren i Dalane Tidende, Gunnar Kvassheim, i Egersund kirke.

Fre 8. Konsert i Lund kirke (kl. 1930) med Gunnar Hågbo (sax) og Tim Rishton

Lør 9. Kortkurs for organister (Bjerkreim)

Konsert i Egersund kirke (kl. 1930) med Roar Engelberg og Tim Rishton

Søn 10. Avslutningsgudstjeneste i Egersund kirke

Konsert i Lund kirke (kl. 1930) med Øystein Stensheim (sang) og Mathias Røed (piano).

www.dalanemusikk.com

*Med økonomisk støtte fra Rogaland Fylke og
de enkelte kommunene/sogn.*